


nr. 1 - 2012

# PIRION

- kulturavis for barnehagar og skular

Scenografi henta frå framsyninga om Knølkvalen Kai (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)



## SCENOGRAFI OG LEIK

**Store og romlege konstruksjonar stimulerer  
born sin fiksjon, fantasi og kreativitet.**

TEKST: ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND FOTO: SLAGEN BARNEHAGE



lange førsilkestoff i ulike fargar, lange tjukke tau, plastrøyr i ymse lengder og storleikar. Dei har òg fått tak i ulike underlag frå ein byggvareforhandlar. Naturmateriale i større og mindre format er sanka, i tillegg til at barnehagen har fått høve til å kjøpa inn mange plastfigurur for å få folk og dyr og tematisera dei romlege installasjonane.

– Dette for å gje konkrete innspel til borna som går inn i romma, seier Hansson. Borna har òg vore med i brukthandel for å finna småsaker til å dekorera fuglebustader med. Borna var i følgje Hansson oppglødde.

– Det var ei ny og interessant verd for dei, og det var utruleg morosamt å sjå kva dei syntes var fint, og kva dei valde å ta med seg.

### Påverkar samspel

Kvar dag skapar pedagogane i løpet av kort tid estetiske uttrykk i form av romlege installasjonar med det materialet dei har til rådvelde.

– Bornawhar frå fyrste stund gripe impulsen med stort engasjement, og romma har stimulert borna til leik og samspel, seier Hansson.

Erfaringar så langt har vist at borna i fyrste omgang viste ein tydeleg kjønnsdelt leik. Eit døme på dette er at bruken av figurar gjorde at særskilt gutar byrja å ta med seg leiker heimifrå for å bringa inn i leiken i barnehagen. Dette løyste personalet ved å melda frå til heimen at det var nok leiker i barnehagen, og at borna ikkje skulle ta med seg egne leikar. Etter kvart vart kjønnskiljet i leiken i følgje Hansson meir eller mindre viska ut.

Vi har prøvt å skapa rom uavhengig av kjønn for ikkje å ekskludera grupper av barn i dei romlege tilboda me gir, forklarar Hansson.

### Deltak i utforminga

I byrjinga stupte borna inn i dei nye leikemiljøa og blei stimulerte til leik upåverka av tankar om korleis romma var blitt slik. Dei konstruerte leikemiljøa vart òg i løpet av kort tid dekonstruerte, rivne og omgjorde. Hansson understrekar at dei endrar og tilfører nytt materialtilfang over tid, og at kompetansen til pedagogane og borna vert utvikla og fører til endringar i framgangsmåten. Men idéen og tankemåten er den same. Den vert berre utvikla.

Etterkvart som borna er blitt meir vane med arbeidsforma, ser Hansson og kollegane at borna i større grad opprettheld scenografien og konstruktivt byggjer og utviklar den vidare etter

### Store og romlege konstruksjonar stimulerer born sin fiksjon, fantasi og kreativitet.

I Slagen barnehage i Tønsberg forskar høgskulelektor Hege Hansson, for tida pedagogisk leiar, i samarbeid med pedagogisk leiar Lillian Gjerpen på born sin kreativitet med utgangspunkt i romlege installasjonar.

– Kor mange rom kan eit rom romma i løpet av ei veke, eller ein haust? Spør Hansson. Ho har teke seg eit år fri frå jobben ved føreskulelærarutdanninga ved Høgskulen i Vestfold (HiVe), og får dagleg testa ut egne teoriar i praksis.

Motivasjonen min er å gjera det eg har skrive om og forska på sjølv, fortel ei engasjert Hansson. Det er ein travel kvardag når ein kjem tilbake som barnehagepedagog etter 21 år. Målet er å bringa med seg barnehageerfaringar frå dette året tilbake til studentar og kollegaer ved HiVe. Erfaringane frå prosjektet deler ho undervegs på bloggen <http://barnehagerom.wordpress.com>.

### Konkrete innspel til leik

Ut frå tankar om kva tyding pedagogar og personell har både som igangsetjar og som modell for konstruksjon av rom og leiken i rommet, er det i basen til Hansson og Gjerpen lagt til rette for romlege konstruksjonar i større format. Pedagogane har vore ute og skaffa store, kraftige og stabile pappørrelement frå ei lokal bedrift. I tillegg har dei skaffa fleire timeter-







kva leiken krev. Borna har også byrja å bestilla scenografi frå pedagogane og ber om særskilde figurar til leiken.

– Ut frå erfaring med korleis eit rom kan skapast, korleis dei romlege elementa og materi-

ellet kan kombinerast og byggjast med, tek borna i større og større grad initiativ til å byggja scenografjar sjølv, avsluttar Hansson.

## BORTE VEKK

Mina si mamma kan mykje rart, men det ho er flinkast til, er å rote vekk sakene sine.

Mamma har rota vekk lesebrillene sine. Heldigvis er det supertilbod på briller i dag, så nå skal mamma til byen saman med Mina for å kjøpe nye. Før dei dreg, må Mina hjelpe mamma med å finne lomdeboka hennar, for utan lomdebok blir det ingen bussbillett, og utan bussbillett ingen bytur. Dei finn lomdeboka i kjøleskapet under brunosten, bak smøret, ved sida av middagsrestane. Endeleg kan dei dra til byen, men vent litt – kvar er nøklane til mamma?

*Borte vekk* handlar om ein familie som brukar mykje tid på å leite etter ting dei har rota vekk. På humoristisk vis skildrar Ingvild Nielsen dei heimslege scenane som både born og vaksne kan kjenne seg att i. Her får lesaren innblikk i den forventningsfulle leitinga, i ei jente som nesten misser alt motet etter at mamma har mist nok ein ting dei treng før dei kan dra, og i ein super premie som



· *Borte Vekk*  
· Av: Ingvild Nielsen  
· Ill: Inger Lise Belsvik  
· Mangschou 2011

ventar Mina når dei endeleg kjem seg til byen.

Inger Lise Belsvik sine illustrasjonar kan ta mykje av æra for at boka står fram som humoristisk og livleg. Med sterke fargar og ein naiv strek klarar ho ikkje berre å supplere forfattaren sine ord, ho skapar også ei eiga historie som lesaren vil få med seg ved å studere bileta som fyller store deler av sidene i boka. Saman klarar Nielsen og Belsvik å skape ei herleg rote- og leitebok, som vil dra fram latteren hjå både foreldre og born.

Av Anita Svendheim

## KYSS EIN BOKSTAV

Denne boka er ei finurlig samling med små historier der den raude tråden består av språk og bokstavar. Her kan ein lese korleis små bokstavar kan endre alt saman, korleis noko lett kan bli misforstått, eller kor vanskeleg nokre ord er å seie.

Me møter Mikkel, som ikkje likar at storebroren Sondre har fått seg kjærast. Difor skriv Mikkel ei tekstmelding han kanskje ikkje burde skrive, til kjærasten hans. Me møter Ingrid, som er så forekska at ho skriv store I-ar med O-ar inni. O for Oliver. Og Fritz, som vil hjelpe dyra i Afrika. Historiene er engasjerande og lette å leve seg inn i. Mange av dei vil passe godt til høgtlesing, samstundes som fleire av dei er ganske krevjande og vil passe best for dei litt eldre barna.

Ord og kjensler høyrer saman. Ofte kan det vere godt å setje ord på noko som er vanskeleg, litt rart eller berre dumt. Og somme tider kan orda vere sjølve døropnaren. Vesle Dunja har nett lært seg å lese, og no lærer ho farfar å lese. Farfaren har



· *Kys ein bokstav*  
· Av: Erna Osland  
· Skald 2011

nemleg ikkje hatt tid til å lære seg å lese, han har vore omreisande og jobba med hestar. Då er det naturleg å lære seg å både skrive og lese ordet hest.

Dette er ei god bok for barna som skal presenterast for leseglede og skrivekunst. Desse historiene kan vise dei at orda kan vere til hjelp og til trøyst. Og ikkje minst at det er viktig å gjere språket til sitt eige.

Judith Sørhus Litlehamar



## PIT PARION

# SMAKEN AV KULTUR

**Vaken og vågål i Vågå er namnet på eit samfunnsutviklingsprosjekt med målsetjing om å skape den beste skulen i landet. Utan tvil ei sær s ambisiøs målsetjing, som Vågå kommune i Nord-Gudbrandsdal har sett seg føre.**

Prosjektet er enno nytt, og kviler på tre grunnleggjande verdiar: eit heilskapleg menneskesyn med sansebasert læring, forpliktande samarbeid heim— skule/barnehage og tidleg innsats.

Fleire delemne har utvikla seg under hovudprosjektet. Prosjektet rettar seg i hovudsak mot skulen, men også barnehagane har ei sentral rolle i det heile, basert på den heilskaplege modellen.

I september 2011 i år vart Arne Brimi sin smaksskule lansert. Brimi voks opp i Vågå og er mellom anna kjend for matfilosofien sin, som han kallar «Naturens kjøken». Sentralt i matfilosofien til Brimi står det å handsame råvarene så nært vopp til det naturlege som mogleg.

Med utgangspunkt i eit 2-årig smaksprosjekt ved Tessand oppvekstsenter som tok til i 2009, «200 smakar på 2 år», er alle dei fire kommunale barnehagane i Vågå no deltakarar på Brimi sin smaksskule.

Ein septemberdag var alle 5-åringane i dei fire kommunale barnehagane samla i bygdesenteret Vågåmo, der dei laga trollkrem av sjølvplukka tyting. Arne Brimi stilte sjølv opp for å godkjenne produkta. Framføring av

eigen tytingsong stod også på programmet denne haustdagen, før 5-åringane og dei tilsette i barnehagane gav seg i veg til ulike stader i Vågåmo for å servere trollkrem.

Dette prosjektet er dessutan Vågå-barnehagane sitt satsingsområde for 2011/2012. Barna skal få bli kjende med ein smak kvar veke og på det viset lære om grunnsmakar. Før jul 2011 skal barna verte kjende med rotgrøn-saker, eple, mjølkeprodukt og internasjonale smakar.

I desember er det til dømes **krydder og matvarer knytte til jula** som gjeld.

Det pedagogiske opplegget for smaksskulen er utarbeidd i samarbeid med Arne Brimi, og kvar barnehage har sin eigen smaksansvarleg. I tillegg har alle tilsette i Vågå-barnehagane vore på kurs.

Vågå kommune vil gjere smaksprosjektet til eit fast opplegg i dei fire barnehagane, og smaksskulen skal først vidare i grunnskulen.

Barn lærer og gjer erfaringar gjennom sansing og ved å bruke kroppen. Lukt og smaksopplevingar er ofte dei fyrste medvetne minna vi har. Lukt- og smaksopplevingar kan aktivere desse tidlege minna.

Vågå kommune tek utgangspunkt i lokale skikkar, tradisjonar og kultur i heile prosjektet for skule- og samfunnsutvikling. Samstundes er perspektivet også retta mot det globale samfunnet. Eit døme er deltakinga i eit EU-prosjekt med målsetjing om å utvikle meir praktiske undervisningsmetodar knytte til naturen.

Samfunnsutviklingsprosjektet **Vaken og vågål i Vågå** er i høgste grad også eit kulturprosjekt, der den lokale kulturen vert eit utgangspunkt for å bygge opp identitet og kompetanse hos unge vagnværingar.



**TORILL SPERRE ER:**  
Førskulelærer/fagleg rettleiar og kulturarbeidar.

OLE BRUM,  
OLA TVEITEN ELLER BARBIE,  
KOR HENTAR BARN  
OPPLEVINGAR FRÅ?

## PiRion-kurs

Les meir på  
[www.pirion.no](http://www.pirion.no)

# PiRion

Tips oss på [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no) Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og [www.pirion.no](http://www.pirion.no)